Delta YS Fjell, Sund og Øygarden har også kome med innspel til same sak. Dei viser til tilråding i hovudavtala om at alle dei fire hovudsamanslutningane; LO Kommune, YS Kommune, Unio og Akademikarane Kommune; bør vere representert i administrative partssamansette arbeidsgrupper (vedlegg). Samstundes søkjer Delta YS om frikjøp på lik line med LO og UNIO som er faste medlemer i partssamansett utval.

Akademikarane har og framsett krav om frikjøp på lik line med LO og UNIO.

*Utdrag frå saka 10. januar:*
*Generelt om samansetning og representasjon*
*Kvar arbeidsgruppe innan området arbeidsgjevarpolitikk vil ha seks representantar, tre frå hovudsamanslutningane (ein frå kvar kommune) og tre frå arbeidsgjevar. Arbeidsgruppa peikar ut ein leiar, med ansvar for å leia møte, sikra involvering og halda framdrift.*
*I nokre av arbeidsgruppene vil det vera naturleg at alle hovudsamanslutningane og vernetenesta er representert.*

Som ein ser frå utdrag i saka, hadde arbeidsgjevar allereie før ny forhandlingsprotokoll vart underskriven, tatt omsyn til representasjon for alle hovudsamanslutningane ved behov.

**Vurdering:**
Prosjektleiar er kjend med den nye forhandlingsprotokollen mellom partane. Han forslår at PSU vedtek representasjon for alle partsamensette arbeidsgrupper fortløpande. Dette er og i tråd med vedtak i PSU frå 10. januar 2018.

Prosjektleiar ønskjer å imøtekoma krav frå Akademikarane og YS ved å gjera framlegg om frikjøp for ein representant frå Akademikarane og ein representant frå YS for kommunane Fjell, Sund og Øygarden i 20% stilling, for perioden 01.04.2018 til 31.12.2019, til arbeid i samband med kommunesamanslåinga.

*Delta YS Fjell, Sund og Øygarden*

Prosjektleiar Paul J. Manger
Nye Øygarden kommune, Skjenet 2, 5354 Straume

Rong 13.03.2018

**Sak til PSU 22.03.18**

**Ber PSU sjå på deltaking frå alle 4 Hovudsamanslutningane på nytt, og auka frikjøp**

Det er semje mellom partane om ei brei forankring i samanslåingsprosessen, og at me skal organisere partsforholdet etter hovudsamanslutningsmodellen: LO Kommune, YS Kommune, Unio og Akademikarane Kommune.

Slik det i dag er lagt opp til, skal det som hovudregel være ein tillitsvalt frå kvar Kommune i arbeidsgruppene. Dette vil sei at ein Hovudsamanslutning vert utelatt.

Partane i arbeidslivet var einige om å prolongere Hovudavtalen for perioden 01.01.2018-31.12.2019 med følgjene protokoll:

*2. Kommunestruktur og regionreform*
*Mange kommuner og fylkeskommuner gjennomgår store omstillinger som følge av endret kommunestruktur og regionreformen. I slike omstillingsprosesser er det viktig at det etableres forutsigbare og kjente rammer for et representativt partssamarbeid i kommunen/regionen som er under etablering.*

*Partene viser til Hovedavtalen Del B § 4 og understreker betydningen av godt fungerende partssammensatte utvalg, jf. inndelingsloven § 26, jf. kommuneloven § 25. Sett i lys av dette, anbefaler partene at behovet for formell deltakelse (møte-, tale- og forslagsrett) i utvalget vurderes for alle sammenslutningene i omstillingsperioden.*

*Partene er enige om at organisasjoner fra alle forhandlingssammenslutningene som er berørt, som hovedregel skal være representert i administrative partssammensatte arbeidsgrupper/ad hoc grupper, jf. HA del B § 1-3. Disse representantene har ansvar for å informere og koordinere eventuelle innspill fra andre organisasjoner innen samme forhandlingssammenslutning.*

På bakgrunn av denne tydlege anbefalinga/presiseringa, ber Delta YS om at alle 4 Hovudsamanslutningane vert representert i administrative partsamansatte arbeidsgrupper/ad hoc grupper, jf.HA del B § 1-3.

Som kjent er det Fagforbundet-LO og utdanningsforbundet- UNIO som er representert i Partsamansett utval frå dei 3 Kommunane.

**Delta YS** søkjer og om frikjøp på lik linje med LO og UNIO som er faste medlemmer i PSU, for å lese seg opp på sakene og være tilstade i PSU. **YS** skal som hovudregel være representert på desse møta, med møte, tale- og forslagsrett, jf. HA del B§ 1-3.

Kommunane mottar økte ressursar frå staten i forbindelse med samanslåinga, og nokon av desse midlane bør brukast til frikjøp.

***Med venleg helsing***

Rikard Kvaal - Delta YS Fjell Kommune

May Britt Hansen – Delta YS Sund Kommune

Anne Grethe Andersen – Delta YS Øygarden Kommune

Arkiv: 040.1
Saksmappe: 2017/5508-6776/2018
Sakshandsamar: Kaja Pedersen og Lisbeth Grosvold
Dato: 15.03.2018

# SAKSDOKUMENT

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 7/18 | Partssamansett utval Nye Øygarden kommune | 22.03.2018 |

## Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden

### Samandrag av saka:

**I denne saka legg prosjektleiar fram framlegg til Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Forslag til framlegg er utarbeidd av ei partssamansett arbeidsgruppe med representantar frå dei fire hovudsamanslutningane og HVO på den eine sida og dei tre personalsjefane på den andre. Det har vore gjennomført eit formelt drøftingsmøte 7. mars. Omstillingsavtalen regulerer arbeidsgjevarpolitiske spørsmål og utfordringar i samanslåingsprosessen fram til nytt kommunestyre er konstituert i den nye kommunen. Avtalen gjeld frå avtalen er underskriven og ut omstillingsperioden.**

### Innstilling:

Partsamansett utval vedtek Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Avtalen gjeld frå avtalen er underskriven og ut omstillingsperioden. Når nye Øygarden kommune er etablert som eige rettssubjekt 01.01.20, trer den nye kommunen inn i denne avtalen.

Straume, den 15.03.2018

Paul J. Manger
Prosjektleiar

**Dokument vedlagt saka:**

- Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden
- Referat frå drøftingsmøte mellom partane

**Saksopplysningar:**

I denne saka legg prosjektleiar fram framlegg til Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Omstillingsavtalen mellom partane er eit viktig strategisk dokument som byggjer på fullmakter frå fellesnemnda, og regulerer arbeidsgjevarpolitiske spørsmål og utfordringar i samanslåingsprosessen fram til nytt kommunestyre er konstituert i den nye kommunen. Ansvar for oppfølging av omstillingsavtalen ligg til PSU.

22.11.2017 oppnemnde PSU ei arbeidsgruppe for arbeidet med omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Hovudsamanslutningsmodellen ligg til grunn for samansetjinga av arbeidsgruppa. Medlemmer i arbeidsgruppa har vore Vibecke Hodnekvam, UNIO, Bodil Aleksandersen, LO, May Britt Hansen, YS, Lars Sverre Hausnes, Akademikarane og Trude Erstad Villanger (Hovudverneombod). Frå arbeidsgjevarsida har dei tre personalsjefane: Kaja Pedersen, Sund kommune, Per Helge Martinsen, Øygarden kommune og Lisbeth Grosvold, Fjell kommune delteke. Arbeidet har vore leia av Kaja Pedersen. Det har vore 4 møte i arbeidsgruppa. Første møte i arbeidsgruppa var 13. desember. Drøftingsmøtet vart gjennomført 7. mars der 12 representantar frå hovudsamanslutningane var inviterte frå dei tre kommunane. Referat frå drøftingsmøtet ligg som vedlegg til saka.

Målet til arbeidsgruppa:

- Å utarbeida eit framlegg til omstillingsavtale til vedtak i PSU
- Skapa eit godt grunnlagsdokument for korleis arbeidsgjevaransvaret skal virka ved etableringa av nye Øygarden kommune
- Skapa ei god samhandling mellom prosjektorganisasjonen, dei tillitsvalde og vernetenesta
- Sikra ei effektiv framdrift og god dialog

Kommunesamanslåinga inneber verksemdoverdraging etter Aml. kap. 16, der alle tilsette i dei tidlegare kommunane vert overført til nye Øygarden kommune frå 01.01.20.

Alle tilsette i Fjell, Sund og Øygarden har rett på jobb i den nye kommunen og skal ikkje få reduksjon i løna si, men ein del medarbeidarar vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad.

Omstillingsavtalen regulerer prinsipp for innplassering av leiarar og tilsette. Ved einingar som vert vidareført utan vesentlege endringar inn i ny kommune, vert noverande leiar verande i stillinga si i nye Øygarden kommune. Når det gjeld toppleiarstillingar og leiarstillingar innanfor administrasjon og leiing vert ordinære reglar om rettskrav og anna lov- og avtaleverk følgt.

**Vurdering:**

Prosjektleiar legg fram framlegg til Omstillingsavtale for Fjell, Sund og Øygarden kommunar. Dokumentet vert eit førande dokument for arbeidsgjevarpolitiske spørsmål og regulerer innplassering av leiarar i nye Øygarden kommune. Prosjektleiar meiner at avtalen er tenleg for den komande kommunesamanslåinga.

NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

# Omstillingsavtale for kommunane Fjell, Sund og Øygarden

Vedteken i PSU 22.03.2018



nyeoygardenkommune.no



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

# Innhold


Omstillingsavtale ....................................................................................................................1

1) Partane i avtalen....................................................................................................................1

2) Føremål ....................................................................................................................2

3) Verksemdoverdraging ....................................................................................................................2

4) Informasjon til tilsette ....................................................................................................................3

5) Medråderett og informasjon for organisasjonane ....................................................................................................................3

6) Rekruttering i omstillingsperioden ....................................................................................................................3

7) Rekruttering/ innplassering til nye Øygarden kommune ....................................................................................................................4

8) Verkemiddel for å behalde kompetanse ....................................................................................................................7

9) Sluttvederlag og støtte til studium ....................................................................................................................7

10) Særavtaler ....................................................................................................................8

11) Felles løns- og arbeidsvilkår....................................................................................................................8

12) Endringar i omstillingsavtalen ....................................................................................................................8


# Omstillingsavtale

- Fjell, Sund og Øygarden kommune vedtok i juni 2016 å slå seg saman.
- Avtalen byggjer på Arbeidsmiljølova(Aml), Hovudavtalen(HA) og Hovudtariffavtalen(HTA). I tillegg har intensjonsavtalen frå 7. mars 2016 vore førande for vilkåra i avtalen.

## 1) Partane i avtalen

Omstillingsavtalen er inngått mellom arbeidsgjevarane i Fjell, Sund og Øygarden kommunar ved prosjektleiar og tilsette ved hovudtillitsvalde i partssamansett utval (PSU). Det har vore drøfting etter hovudsamanslutningsmodellen.

Avtalen gjeld frå avtalen er underskriven og ut omstillingsperioden. Når Nye Øygarden kommune er etablert som eige rettssubjekt 01.01.20, trer den nye kommunen inn i denne avtalen.

Avtalen er endeleg vedteken av PSU i møte 22.03.18.





## 2) Føremål

I arbeidet med å skapa ein ny kommune skal arbeidsgjevar, tillitsvalde og tilsette jobbe for:

> *«a) å sikre et arbeidsmiljø som gir grunnlag for en helsefremmende og meningsfylt arbeidssituasjon, som gir full trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger, og med en velferdsmessig standard som til enhver tid er i samsvar med den teknologiske og sosiale utvikling i samfunnet*
> *b) å sikre trygge ansettelsesforhold og likebehandling i arbeidslivet*
> *c) å legge til rette for tilpasninger i arbeidsforholdet knyttet til den enkelte arbeidstakers forutsetninger og livssituasjon*
> *d) å gi grunnlag for at arbeidsgiver og arbeidstakerne i virksomhetene selv kan ivareta og utvikle sitt arbeidsmiljø i samarbeid med arbeidslivets parter og med nødvendig veiledning og kontroll fra offentlig myndighet*
> *e) å bidra til et inkluderende arbeidsliv»* *Arbeidsmiljølova § 1*

- ✓ Avtalen skal sørgja for at dei tilsette har tryggleik i arbeidstilhøvet under omstillingsarbeidet.
- ✓ Avtalen har som mål å sikra ein ryddig og føreseieleg prosess for tilsette i Fjell, Sund og Øygarden.
- ✓ Prosessen skal vera kjenneteikna av god medverknad frå dei tilsette sine representantar og konstruktiv dialog mellom partane.
- ✓ Avtalen skal skapa grunnlag for ein felles og samlande arbeidsgjevarpolitikk i nye Øygarden kommune.

## 3) Verksemdoverdraging

Kommunesamanslåinga inneber verksemdoverdraging etter Aml. kap. 16., der alle tilsette i dei tidlegare kommunane vert overførte til nye Øygarden kommune frå 01.01.20.

Alle tilsette I Fjell, Sund og Øygarden har rett på jobb i den nye kommunen og skal ikkje få reduksjon i løna si, men ein del medarbeidarar vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad.

Det vil vera tilsette og einingar som ut frå sin eigenart og drift vert lite involvert i endringane. Desse tilsette vert overført utan vesentlege endringar i arbeidsavtalen og som ei samla eining til den nye kommunen.

Det skal lagast ei oversikt over kva einingar dette gjeld. Oversikta er gjenstand for drøfting.

### Nærare om verksemdoverdraging

- ✓ **Løn:**

Ved verksemdoverdraging vert gjeldande lønsplassering vidareført, eventuelt som ei personleg ordning, ved innplassering i lågare løna stilling, jf. Aml §16-2 og  HTA kap. 1 § 3.4.1 og § 12. Faste tillegg vert, dersom ikkje ansvar og oppgåver tilseier det, vidareført til stilling i nye Øygarden kommune.

- ✓ **Ansiennitet:**

Det vert i omstillingsprosessen og i vidare arbeidstilhøve i den nye kommunen nytta den samla tenesteansienniteten som tilsette har i noverande kommune.





- ✓ **Reservasjonsrett:**

Alle tilsette kan etter eiga ønskje reservera seg mot å følgja med inn i den nye kommunen, jfr. Aml § 16-3. Å nytta reservasjonsretten, inneber at den tilsette seier opp arbeidstilhøvet sitt med verknad frå 01.01.20.

## 4) Informasjon til tilsette

Tilsette skal gjennom heile omstillingsprosessen gis den informasjon som er naudsynt for å sikra eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø jfr. aml § 8, 4-2 (3), 16-5, 16-6, HA del B 1.4.1, 1.4.3, 3.1 og HTA.

Tilsette som vert direkte råka av omstillingsprosessen, skal gis særskilt informasjon og oppleva individuell handsaming, jfr. kommunikasjonsstrategi for samanslåinga pkt. 6: «sikra at dei tilsette opplever jamleg og relevant informasjon og at dei opplever reell medverknad».

Informasjonen skal gis slik at den når alle gjennom både skriftlege og munnlege informasjonskanalar. Leiarar har eit særleg ansvar for å informera dei tilsette, t.d. på personalmøte og via e- post. Ein bør forsøka å gi personleg informasjon ansikt til ansikt.

Sjå elles: http://www.nyeoygardenkommune.no/files/2017/11/171030-Kommunikasjonsplan-fase3.pdf

## 5) Medråderett og informasjon for organisasjonane

Arbeidstakarorganisasjonane sin medråderett går fram av Aml, HA og HTA.

For å lukkast med omstillingsarbeidet er det lagt opp til ei tett involvering av dei tilsette sine organisasjonar i alle delar av arbeidet som skjer i tråd med denne avtalen.

Ingen av organisasjonane skal ha mindre frikjøp enn kva ein samla har i dei tre kommunane i dag. Dette gjeld i to år etter kommunesamanslåinga.

## 6) Rekruttering i omstillingsperioden

Allereie etablerte stillingsgrupper og omstillingsutval i kommunane held fram med arbeid sitt. Drøftingsplikten ivaretakast i stillingsgruppa eller omstillingsutvalet.

- ✓ **Leiarstillingar:**

Rådmennene har eit særleg ansvar for dialog knytt til leiarstillingar. Rådmennene skal vurdera om stillinga bør lysast ut internt i dei tre kommunane eller eksternt. Utover dette følgjer tilsettingsmynde av den einskilde kommune sitt delegasjonsreglement.





- ✓ **Nøkkelstillingar:**

Den einskilde rådmannen definerer sjølv nøkkelstillingar i eigen kommune. Ledige nøkkelstillingar bør ikkje stå ledige ut frå omsynet til eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø.

## 7) Rekruttering/ innplassering til nye Øygarden kommune

Ny administrativ organisasjonsstruktur er ei prioritert oppgåve i første kvartal 2018. Ny organisasjonsstruktur vert bygd trinnvis frå toppen.

Rekruttering til nye Øygarden er avhengig av at det administrative organisasjonskartet er vedteke. Fellesnemnda tilset ny rådmann i nye Øygarden kommune.

Sidan innplassering er avhengig av at den administrative organiseringa er ferdigstilt, er det naudsynt å tenka seg at innplassering vil måtte skje i fleire fasar. Første fase vil vera tilsetting av toppleiarnivået. Ein må gjere seg ferdig med innplassering på leiarnivå(a), før ein kan gå i gang med rekruttering/ innplassering på lågare nivå.

Tilsettingsmynde for nye Øygarden kommune vert eiga sak til Fellesnemnda 16.04.18.

- ✓ **Stillingsgaranti:**

Av intensjonsavtalen går det fram at ingen i Fjell, Sund og Øygarden kommunar vert sagt opp i samband med kommunesamanslåinga. Tilsette som vert omfatta av stillingsgarantien er arbeidstakarar som er fast tilsette i Fjell, Sund og Øygarden kommunar og som vert utan definert stilling ved kommunesamanslåinga.
Garantien gjeld eventuelle oppseiingar som kan relaterast til innskrenkingar og effektivisering som følgje av kommunesamanslåinga fram til 31.12.21.

- ✓ **Overtaligheit:**

Det vil i realiteten ikkje vera snakk om overtaligheit, men det vil oppstå tilfelle kor ein har fleire som har same type stilling / rolle i dei tre kommunane, t.d. stilling som økonomisjef. Det vil difor vera naturleg å nytta nemninga overtalig.

Tilsette leiarar som ikkje vert tilsett/ innplassert i ein stilling på tilsvarande nivå som den dei har i noverande kommune, vert vurdert som overtalig.

Tilsette som vert vurdert som overtalig, skal få tilbod om anna stilling. Sjølv om ein er leiar i noverande kommune, inneber ikkje stillingsgarantien at ein skal ha leiarstilling i nye Øygarden kommune.

Før det vert gitt tilbod om anna stilling, skal det gjennomførast ein kartleggingssamtale med den tilsette. Føremålet med kartleggingssamtalen er å identifisera anna høveleg arbeid, basert på den tilsette sin kompetanse og erfaring. Den tilsette kan la seg bistå av ein tillitsperson ved gjennomføringa av samtalen. Samtalen skal dokumenterast.

Dersom ein overtalig tilsett ikkje takkar ja til tilbodet ein får, vil arbeidsgjevar starta ein ordinær oppseiingsprosess etter lov og avtaleverk. Arbeidstilhøvet går eventuelt til opphøyr 31.12.19.

- ✓ **Prinsipp for innplassering av leiarstillingar**:

Ved einingar som vert vidareførte utan vesentlege endringar inn i ny kommune, vert noverande leiar verande i stillinga si i nye Øygarden kommune.

Når det gjeld toppleiarstillingar og leiarstillingar innanfor administrasjon og leiing vert ordinære reglar om rettskrav og øvrig lov- og avtaleverk følgt.

- ✓ **Nærare om rettskrav**

Rettskrav er eit omgrep som er utvikla i rettspraksis. Kjerna i omgrepet er at dersom ei nyoppretta stilling i ny kommune medfører ei vesentleg vidareføring av tidlegare stilling, så vil ikkje arbeidsgjevar stå fritt til å bytta ut vedkomande med ein ny leiar. Då vil vedkomande leiar ha rettskrav til stillinga. Ved vurdering av rettskrav ligg arbeidsavtalen til grunn.

Eventuelle rettskrav frå leiarar må vurderast konkret i kvart tilfelle, og det er avhengig av at ny organisasjonsstruktur er vedteken. I nye Øygarden er det tre kommunar som vert slått saman, og den nye kommunen vil ha om lag 40 000 innbyggjarar og ca. 2400 tilsette. Med grunnlag blant anna i den nye kommunen sin storleik, ser ein det som lite truleg at nokre leiarar vil kunne hevda at stillinga deira er vidareført utan vesentlege endringar og soleis ha rettskrav.

Om det er fleire som konkurrerer om same ledige stilling, vert det lagt vekt på kompetanse, røynsle og at kandidaten er personleg eigna. Ansiennitet er berre avgjerande under elles like vilkår.

Det er lagt føringar for ein intern rekruttering. Om ein har interne kandidatar som kan fylla aktuell stilling, så vert intern kandidat tilsett. Ekstern utlysing skal berre verta nytta om ein ikkje har interne kvalifiserte kandidatar.

**Ein ser føre seg to alternativ for innplassering:**

1) Frivillig og avtalt ordning mellom arbeidsgjevar og dei tilsette
2) Direkte innplassering



Alternativ 1) Frivillig og avtalt ordning mellom arbeidsgjevar og dei tilsette

Det er ønskjeleg å gjennomføra ei frivillig og avtalt ordning mellom arbeidsgjevar og dei tilsette på leiarnivå som handlar om at ein gjev leiarar høve til å søkja på nye stillingar i nye Øygarden kommune.

Leiarar som kan ta del i ei slik avtalt og frivillig ordning, er leiarar som minimum er tilsett på einingsleiarnivå.

Arbeidsgjevar ser føre seg at det skal inngåast ein avtale mellom tillitsvalde og arbeidsgjevar som vert eit bindande styringsdokument. I tillegg må kvar einskild tilsett akseptera å verta ein del av avtalen.

Dei tilsette som ikkje når opp i søkjarprosessen, får tilbod om anna høveleg arbeid. Dersom ein tilsett ikkje takkar ja til tilbodet ein får og eventuelle andre tiltak er vurdert, så vert det å betrakta som ei oppseiing frå arbeidsgjevar og arbeidstilhøvet går til opphøyr 31.12.19.

Dersom ein leiar ikkje ønskjer å vera med på ei slik frivillig ordning, så er det alternativ 2 om innplassering som er aktuelt. Ein leiar har alltid høve til å fremja rettskrav, sjå nærare under pkt. 7.

Alternativ 2- Direkte innplassering:

Først må ein vurdera om nokon har rettskrav til stillinga. Viss ingen har rettskrav, må ein vurdera om stillinga kan vera anna høveleg arbeid for andre leiarar. Viss ja, og det berre er ein kandidat, så vert vedkomande plassert i stillinga. Dersom stillinga er aktuell for fleire, vert det ei vurdering ut frå kompetanse og kven som er best skikka for jobben (kvalifikasjonsprinsippet). Ansiennitet er berre avgjerande under elles like vilkår. Dei som ikkje vert tilsett er å betrakta som overtalige og må få tilbod om anna høveleg arbeid. Dersom ein tilsett ikkje takkar ja til tilbodet ein får, og eventuelle andre tiltak er vurdert, så vert det å betrakta som ei oppseiing frå arbeidsgjevar og arbeidstilhøvet går til opphøyr 31.12.19.

- ✓ **Permisjonar**

Dette punktet omfattar ikkje lovbestemte permisjonar, t.d. svangerskapspermisjon.

I perioden vert eventuell permisjon innvilga frå den respektive kommunen og ikkje den einskilde stillinga. Tilsette som får innvilga permisjon, kan ikkje pårekna å koma tilbake til same stillinga.

Permisjon utover 01.01.20 kan ikkje påreknast. For tilsette som allereie har fått innvilga permisjon utover 01.01.20 får sjølvsagt behalda permisjonen sin.





- ✓ **Mellombelse tilsettingar**

Den einskilde kommunen kan innanfor rammene av arbeidsmiljølova tilsetja mellombels fram til 31.12.19. Mellombelse avtalar med varigheit utover 31.12.19 skal behandlast etter dialog med rådmennene. Øygarden kommune har no eit kommunestyrevedtak om at ingen skal tilsetjast i mellombelse stillingar.

## 8) Verkemiddel for å behalda kompetanse

Det er eit mål og eit ynskje at alle medarbeidarar vert med inn i nye Øygarden kommune.

- ✓ **Lønstilskot**

Det kan gis lønstilskot for å behalda dei som vert vurderte som sentrale nøkkelpersonar, og gjeld soleis ikkje berre leiarar. Lønstilskotet skal sikra at ein ikkje mistar kritisk kompetanse i omstillingsperioden fram mot 31.12.19. Tilskotet vert gitt selektivt og er pensjonsgjevande. Avgjerdsmynde ligg hos rådmannen i den einskilde kommune. Lønstilskot kan nyttast frå omstillingsavtalen er vedteke til ny kommune vert etablert frå 01.01.20.

- ✓ **Kompensasjon for skifte av arbeidsstad**

Dersom tilsette (gjeld alle tilsette) i den nye kommunen må skifta arbeidsplass mellom dei noverande kommunane og blir påført ekstra kostnadar eller reisetid ved transport mellom heim og arbeidsstad, kan det vurderast ein tidsavgrensa kompensasjon innanfor ein tidsperiode på to år.

## 9) Sluttvederlag og støtte til studium

- ✓ **Sluttvederlag**

Eit tilbod om sluttvederlag vil kunna hjelpa til bemanningsmessige tilpassingar der oppgåver eller roller vert borte. Dersom verkemiddel er prøvd for den overtalige utan at det er funne ei tenleg løysing, kan arbeidsgjevar tilby sluttvederlag med inntil 6 månaders løn + feriepengeopptening. Slik løn gjev ikkje rett til sjukepengar frå arbeidsgjevar. I spesielle tilfelle, til dømes ved ansiennitet utover 10 år i Fjell, Sund og Øygarden kommunar og/eller kort tid til oppnådd pensjonsalder, kan perioden utvidast til 12 månader. Eventuell bruk av sluttvederlag skal drøftast med tillitsvalde. Sluttvederlag krev at arbeidstakar sjølv seier opp stilling si, og seier frå seg fortrinnsrett til stilling i Nye Øygarden kommune. Bruk av sluttvederlag vert først aktuelt når ein har vurdert alternativt arbeid for overtalige tilsette.





- ✓ **Støtte til studium/vidareutdanning**

Som eit alternativ til sluttvederlag, kan arbeidsgjevar tilby stønad til studium/vidareutdanning. Sluttvederlag/studium krev at arbeidstakar sjølv seier opp stillinga si, og seier frå seg fortrinnsrett til stilling i Nye Øygarden kommune. Bruk av støtte til studium/vidareutdanning vert først aktuelt når ein har vurdert alternativt arbeid for overtalige tilsette.

## 10) Særavtaler

Alle særavtaler i dei tre kommunane skal kartleggjast. Ein bør sjå på utløpstidspunkt og inngå nye avtaler med verknad frå 01.01.20.

## 11) Felles løns- og arbeidsvilkår

Personalpolitiske reglement skal utarbeidast administrativt, i samarbeid med dei tillitsvalde. Mellom anna skal det utarbeidast ein lønspolitisk plan med verknad frå 01.01.20 kor eit sentralt mål er harmonisering av løn.

## 12) Endringar i omstillingsavtalen

Omstillingsavtalen er eit levande dokument. Etter drøftingar kan omstillingsavtalen endrast. Forslag til endringar kan koma frå arbeidstakarsida eller arbeidsgjevarsida.

*Skjenet, 22.03.18*

**Fokevalde:**

| | | |
|---|---|---|
| Kari Anne Landro | Nils Kåre Skoge | Jogeir Sognnæs |
| Marianne Sandahl Bjorøy | Tom Georg Indrevik | Anita Garlid Johannessen |
| Børge Haugetun | Silvia Haugland | Espen Harkestad |

**Tillitsvalde:**

| | |
|---|---|
| Cathrine Olsen, Utdanningsforbundet | Hildegunn Høyland, Fagforbundet |

Nina Zandstra, Utdanningsforbundet

Vibecke Hodnekvam, Utdanningsforbundet

Bodil Aleksandersen, Fagforbundet

Solveig D. Rong, Fagforbundet

**Drøftingsreferat frå møtet 7. mars 2018 kl 10-12**

**Til stades:**
Frå arbeidsgjevar:

Paul J. Manger, prosjektleiar
Kaja C. Pedersen, personalsjef Sund kommune
Lisbeth Grosvold, personalsjef Fjell kommune

Frå arbeidstakar

LO Kommune

Bodil Aleksandersen, Fagforbundet Fjell

Hildegunn Høyland, Fagforbundet Sund

Solveig Rong, Fagforbundet Øygarden

YS Kommune

Rikard Kvaal, Delta Fjell

May Britt Hansen, Delta Sund

Anne Grethe Andersen, Delta Øygarden

Unio

Nina Zandstra, Utdanningsforbundet Fjell

Solveig Lerøy, Utdanningsforbundet Sund

Vibecke Hodnekvam, Utdanningsforbundet Øygarden

Akademikarane kommune

Lars Sverre Hausnes, Akademikarane Fjell

# Saksliste

1) Sak til drøfting: framlegg til omstillingsavtale
2) Referatsaker til orientering: status administrativ organisering og rekruttering av stilling som trainee til prosjektorganisasjonen for perioden  01.08.2018 18 til 31.7.2019

**Under pkt 1 sak til drøfting**

Prosjektleiar synte til innkalling og grunnlaget for drøftingsmøtet som var Hovudavtalens del B § 1-4-1 om omorganisering.

1.Til innkallinga og saksliste
Fagforbundet Sund trudde at alle organisasjonar ble kalla inn til dette drøftingsmøtet sidan det ikkje hadde vore eit informasjonsmøte i forkant. Prosjektleiar forklarte korleis det var tenkt med informasjonsmøter, men lovde å taka omsyn til innspel om informasjonsmøte i forkant av drøftingsmøte viss mogeleg.
Fagforbundet Fjell, stør opp om Sund sitt syn.

Utdanningsforbundet Øygarden spør om HVO burde vera med i drøftingsmøte.
Prosjektleiar understrekar at HVO ikkje har formelle rettigheiter etter Hovudavtalen.

Prosjektleiar informerte om korleis drøftinga skal gjennomførast. Vi tar punkt for punkt til handsaming.

Til pkt 1 i omstillingsavtalen

Akademikarane: Dei hovudsamanslutningane som ikkje er representert i PSU har forslags og talerett, og bør og skrive under på omstillingsavtalen.
Fagforbundet Sund foreslår at vi legg inn ei setning: Det har vore drøfting etter hovudsamanslutningsmodellen.

Skal kven som er med i arbeidsgruppa inn i sjølve omstillingsdokumentet?

Til pkt 2 i omstillingsavtalen

Utdanningsforbundet Fjell: Det er fleire enn arbeidsgjevar som arbeidar med å oppfylla formålsparagrafen i Aml. Legg gjerne inn arbeidsgjevar, tillitsvalde og tilsette i teksten.

Akademikarane Fjell ønskjer å nytta eit forslag tatt frå Hurum for å tydeleggjera korleis lov og avtaleverk legg føringar for denne avtalen. ***«Omstillingsarbeidet skal gjennomføres i samsvar med de forpliktelser partene har etter arbeidsmiljøloven, hovedavtalen og andre overordnede føringer. Dette innebærer at disse overordnede føringene vil supplere denne avtalen og gis forrang ved eventuell motstrid.»***

Til pkt 3 i omstillingsavtalen

Utdanningsforbundet Fjell: Oversikten over einingar som vert lite involvert i endringane må komma raskt.
Akademikarane Fjell ønskjer det skal stå **skal** lagast ei liste.
Prosjektleiar stadfestar at det arbeidast med ei liste. Lista skal til drøfting.

Til pkt 4 i omstillingsavtalen
Utdanningsforbundet Øygarden: Legg inn Hovudavtalen del B.

Til pkt 5 i omstillingsavtalen
Ingen merknadar.

Til pkt 6 i omstillingsavtalen
Fagforbundet Fjell: Drøftingsplikt med tillitsvalde bør inn.

Til pkt 7i omstillingsavtalen

Fagforbundet Fjell: Under punktet om overtalligheit. Om ein tilsett ikkje takker ja ....ønskjer dette avsnittet ut. Fagforbundet Sund stør Fagforbundet i Fjell.

Utdanningsforbundet Øygarden: Tvinger vi leiarar til å seia ja til pkt 1 eller så mister ein jobben? Utdanningsforbundet Øygarden ønskjer pkt om garantien gjeld opp til første avsnitt om stillingsgarantien.

Fagforbundet Fjell. I nye Øygarden..... kan takast ut. Ut også med at det er lite truleg at nokon kan ha rettskrav.
Om det er fleire som konkurrerer forslag til tekst: Om det er fleire kvalifiserte arbeidstakarar som konkurrerer om same ledige stilling, vert det lagt vekt på røynsle.

Fagforbundet Sund. Ved vurdering av rettskrav ligg arbeidsavtalen til grunn.
Arbeidsgjevar foreslo ny tekst under pkt 1 for å klargjera.
Arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar er samde om den nye teksten.

Alt 2
Utdanningsforbundet Fjell: Kvifor står kvalifikasjonsprinsippet i parentes?
Fagforbundet Fjell: ønskjer at det igjen vert lagt vekt på røynsle.
Utdanningsforbundet i Sund: Ønskjer at setninga skal stå slik den står.

Om permisjonar

Utdanningsforbundet Øygarden: Nokre tilsette har allereie fått lenger permisjon enn til 01.01.20.
Ta ut setninga med permisjon utover 1.1. 20 eller si noko om dei permisjonane som allereie er gitt.

Mellombelse tilsettingar
Utdanningsforbundet Øygarden, Øygarden kommune har eit kommunestyrevedtak om mellombelse stillingar som bør inn i omstillingsavtalen.

Til pkt 8. Lønnstilskot
Når gjeld punktet frå og kor lenge kan ein nytta dette verkemiddelet?

Utdanningsforbundet: Berre for leiarar. Nei, for alle.

Om en tilsett ikkje takker ja trer diskusjonen om sluttvederlag og studium inn. Det er rådmann som tek endeleg avgjerd.

Delta Fjell: Det bør lagast kriterier for sluttvederlag.
Delta Sund. Kven får sluttpakke? Det er rådmann som tek endeleg avgjerd.
Drøftast med tillitsvalde.

Støtte til studium
Kompensasjon gjeld alle.
Fagforbundet Sund: Reisetid kor lang?
Ønskjer presiseringar her.

Til pkt 9 i omstillingsavtalen
Utdanningsforbundet Fjell:

Kan vi inngå avtaler før 1.1.20?
Kven kan inngå desse avtalane.
Det er prosjektleiar på vegner av kommunane saman med dei tillitsvalde.

Til pkt 10 i omstillingsavtalen

Akademikarane Fjell og Delta Fjell :
Inn med informasjon om arbeidsmarkedsområdet.

Til pkt 11 i omstillingsavtalen
Ta ut pkt om politiske prinsipielle endringar.
Kven kan koma med krav om drøftingar?

Under pkt 2) Referatsaker til orientering

Administrativ organisering

Prosjektleiar og rådmennene arbeider vidare med organisasjonsmodellen/ administrativ organisering.. I første omgang er det prinsippa for den overordna administrative organiseringa som er viktig å få på plass. Deretter er det ei prioritert oppgåve å utforma eit forslag til ein modell for den overordna organiseringa, før det vert sett søkelys på tenestene sine plassar i organiseringa. Fellesnemnda skal etter planen få ei sak om administrativ organisering til møtet sitt den 16. april 2018.

Rekruttering av traineestilling

Rekruttering av traineestilling for Nye Øygarden kommune vil finne stad 14. mars. Ordninga er i regi av Trainee Vest med støtte frå Bønes Virik, administrert av Bergen Næringsråd. Stor interesse for stillinga, 22 kandidatar som gjennom prosess med Bønes Virik er redusert til 5 kandidatar. Tilsettinga skjer for eitt år, august 2018 - juli 2019. Har bede om at ein hovudtillitsvald frå Fjell kommune deltar i prosess med rekruttering sidan trainee vert tilsett i Fjell kommune. Bodil Aleksandersen vert med den 14. mars, saman med Sølvi og Paul frå prosjektorganisasjonen.

Straume, 14.03.18
Lisbeth Grosvold
Referent

FAGFORBUNDET
Sund

**Protokolltilførsel drøfting Omstillingsavtalen.**

Tilstede i møtet på Skjena 6.03.18

Fra Fagforbundet Fjell: Bodil Aleksandersen, fra Fagforbundet Sund: Hildegunn Høyland, Fagforbundet Øygarden ved Solveig Rong

***Sak Omstillingsavtalen***;

I møtet foreslo vi følgende tilføyinger og eller endringer.

Side 3. punkt 6. Rekrutering i omstillingsperioden, **Dette er gjenstand for drøftingsplikten**.

Side 4. Overtallighet, avsnitt 3. Her må en være obs på innholdet i den enkeltes arbeidsavtale.

Side 5. avsnitt 2 endres til slik ordlyd «**Om det er fleire kvalifiserte arbeidstakere som konkurrerer om same ledige stilling, vert det lagt vekt på røynsle.»**

Videre på side 5. under punkt Alternativ1)Frivillig og avtalt ordning……….

Punkt 2, foreslås fjernet alt etter første setning. Første setning lyder slik: Dei tilsette som ikkje når opp i søkjarprosessen, får tilbod om anna høveleg arbeid.

Side 5. Siste avsnitt, linje 3, andre setning endres til: **Om stillinga er aktuell for fleire kvalifiserte kandidater, vert det ei vurdering av røynsle**. Resten av avsnittet fjernes.

Side 6. permisjonar, forslag om å stryke hele linje 3.(tilsette som får innvilga permisjon kan ikke påregne å få komme att til samme stilling)

Stryk også linje 4.

Side 6. Mellombels tilsetningar, **Dette er gjenstand for Drøftingsplikten**

***Fagforbundet Sund kommune v/ HTV Hildegunn Høyland***